



Kvinnherad kommune

Fellestenester
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»



Saksbehandlar
Torill Slåke

Tlf. direkte innval
53483264

Vår ref.
2015/1147-5

Dykkar ref.
«REFDATO»

Dato
12.06.2015

Særutskrift - 226/1 - riving og gjenreising av naust - Borgundøy - Lars Hauge

Kvinnherad forvaltningskomite hadde saka føre i møte 11.6.2015 med vedtak 2015/73.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Då saka gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl) kap 19, vert kopi av vedtaket også send til berørte regionale og statlege styresmakter for eventuell klagevurdering.

Dette brevet er sendt elektronisk utan underskrift og vert ekspedert med e-post som inneheld lenkje til kommunen sin arkiv webmodul.

Her kan de finna alle dokument som er vedlegg til saka.

Dersom du vurderer å klaga på vedtaket, viser vi generelt til reglane i forvaltningslova og spesielt til plan og bygningslova §1-9.

Vi viser også til pbl §21-9 om at eit dispensasjonsløyve fell bort etter 3 år dersom eit tiltak ikkje er igangsett. Tiltak omfattar også oppretting og endring av eigedom (frådeling).

Eventuelle spørsmål kan rettast til saksbehandlar.

Med helsing

Bente Høyland
Møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Torill Slåke

Mottakrarar:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen

Lars Hauge Kariplasset 1 5412 STORD

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe *Saksbehandlar*

2015/1147-3 Torill Slåke

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2015/73	Forvaltningskomiteen	10.06.2015

Behandling dispensasjon - 226/1 - riving og gjenreising av naust - Borgundøy - Lars Hauge

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomite gjev dispensasjon frå arealformål LNF i arealdelen til kommuneplanen, og pbl §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag til oppføring av naust som vart stormskada i stormen Nina. Planlagt naust kan difor omsøkjast og handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande bestemmelsar. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna til føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Naustet vert flytta noko høgare og får ei sikrere plassering.

Behandling i Forvaltningskomiteen den 10.06.2015

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 10.06.2015

Kvinnherad forvaltningskomite gjev dispensasjon frå arealformål LNF i arealdelen til kommuneplanen, og pbl §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag til oppføring av naust som vart stormskada i stormen Nina. Planlagt naust kan difor omsøkjast og handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande bestemmelsar. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna til føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Naustet vert flytta noko høgare og får ei sikrere plassering.

Søkjjar: Lars Hauge, Kariplasset 1, 5412 stord


Søknad dagsett: 07.04.2015

Om søknaden og eiedommen:

Det vert søkt om riving og flytting/gjenoppbygging av eit naust i Hammarlandsvågen på Borgundøy. Det omsøkte naustet er eit eldre gardsnaust som vart skadd i stormen Nina vinteren 2015. Naustet vart flytta av grunnmuren og havna tre meter ut i stranda. Eigar søker dispensasjon for å flytta naustet ca 8 m lengre naust, dette for å gje ei sikrere plassering noko høgare over flomålet.

Arealstatus og strandsone

Det omsøkte tiltaket ligg i LNF-område i kommuneplanen for Halsnøy-området vedteken 25.09.2008. Rådmannen vurderer den omsøkte eiedommen til å liggja innanfor funksjonell strandsone.



Nabovarsel

Naboar er varsla, det er ikkje kome merknader.

Uttale frå regionale og statlege styresmakter

Saka har vore sendt på høyring til følgjande:

Fylkesmannen i Hordaland

Ingen merknad.

Hordaland fylkeskommune

Ingen merknad.

Naturmangfaldlova

Det er ikkje gjort registreringar i området av

spesielle naturtypar eller biotopar.

<http://kart.naturbase.no/>

Kulturminne

Det omsøkte bygget er registret i SEFRK-registret og oppgjeve til å vera eit grindverksnaust. Byggeår er ikkje registret.

Det er ikkje gjort andre registreringar av kulturminne i området.


<https://askeladden.ra.no/askeladden/>

Støy

Ikkje relevant.

Klimatilpassing

Naustet vert plassert slik at det skal vera



Kvinnherad kommune

-felleskap og trivsel –utvikling og vekst

sikrere med omsyn til flo og vind.

Veg, vatn og avløp

Det skal ikkje leggjast inn vatn og kloakk. Tilkomst vert gangveg som nå.

Aktuelle lovheimlar


Det omsøkte tiltaket krev dispensasjon etter pbl § 19-2 frå formålet LNF i kommuneplanen og PBL §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

Dersom det skal gjevast dispensasjon må omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje verta vesentleg sette til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Vurdering

Det omsøkte naustet er eit eldre naust som eigaren har restaurert dei seinaste åra. Naustet vart stormskadd vinteren 2015, og eigar ynskjer nå å byggja oppatt naustet ca 8 m lengre mot naust i høve til tidlegare plassering. Naustet vert ikkje endra når det gjeld storleik eller høgde. Det skal framstå som eit naust og skal ikkje ha innlagt vatn, kloakk eller straum. Det oppattbygde naustet vert ikkje vesentleg meir privatiserande enn noverande bygg, og topografien på staden set begrensingar for fri ferdsle i området.

Søklar vil endra plasseringa for å få bygget noko høgare over havet, og dermed sikrere i høve til storm og flo.




Grunngjeving

Ut frå ei samla vurdering meiner rådmannen at det omsøkte tiltaket ikkje vil koma i strid med føremålet i lova. Det omsøkte bygget erstattar skadd naust og fører ikkje til auka press av bygging i strandsona. I samsvar med utgreiinga finn rådmannen at fordelane med å gje dispensasjon er vesentleg større enn ulempene.

Vedlegg:

1. Søknad om dispensasjon dat. 07.04.2015



Kopi: Partane

For info: ephorte sak [15/1147](#)